

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Møre & R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Haram.

Emne: Baalbrenning på visse stigar Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne

Gard: Rogne

(adresse): Longva.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige vitende.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1. Her er alltid nemningi brising." 2. Berre det vanlege namn brising mest allstøtt." 3. Gjev brisingen stor varme fraa seg, kunde dei segja:
Brisingen vart reine baalet." 4. Ukjent i mine bygder. Dei hadde ikkje ved aa sløsa
med." 5. Nei. Heilt ukjent." 6. Nei." 7. Nei." 8. a. Ja. det vert gjort no med.b. Nei.c. Ja, dersom dei ikkje fekk brenna jonsok-kvelden.d. Ukjent her." 9. Ukjent i mine bygder."10. Også ukjent her."11. Fyrste sp. fell burt. Sjøelve jonsokbrisingen var
kveikt jonsokaftan."12. Tett fyre midnatt."13. Sjøelve brisingen var oppbygd fyreaat. Naar den var
nedbrend, nørde dei ikkje elden vidare.Staden."14. Kvar grend hadde ein viss stad for jonsokbrisingen.
Rognegarden hadde og hev ein ^{nu} haug aa brenna bri- 4240

singen paa. Den heiter den dag i dag Jonsokhaugen.

Sp.15. Sjaa svar til sp.8,a. Brende dei syftesok istaden for jonsok, var det alltid paa same staden.

" 16. Eg gjeng ut fraa at ordet "gard" her tyder eit gardsnummer, t.d. Rognegarden, Longvagarden o.s.b. og ikkje eit bruksnummer, t.d. Larsgarden, Gunnargarden, Sjurgarden o.s.b.- Paa Rognegarden brende dei brising for seg. So gjorde Longva, Austnes og dei fleste gardar i Haram herad.

" 17. Nei.

Dei som steller med baalet og tenner det.

" 18-21. Desse sp. tek eg under eitt. Etter det eg veit, hev det alltid berre vore borni som baade laga brisingen og kveikte den. At ungdomar, og eldre med, kom til og saag paa, hende nok. Dei eldre mest til å akta paa, at elden ikkje breidde seg og gjorde skade.

" 22. Ukjent i mine bygder.

Korleis dei bygde brisingen.

" 23. Brisingen vart og vert ikkje nett bygd paa ein viss maate. Brensla for brisingen er den same fraa aar til aar. Den plar ikkje ha serskild steinsetjing. Eg veit ~~Eg veit~~ sume hev eit flatt berg til brenslestad.

" 24. Ungane raska ihop alt dei kunde faa i av brennbare ting. Glupt var det, fekk dei tigga laust ein gamal, utbrukt baat (færing), tjeretunnor og gamle lyse- og tjerekvartel. Dei gav baade loge og røyk. Her på garden var og er ei mengd store fururøter. Desse var no vissaste brenslet. Og so reiv dei ei mengd lyng. Den loga godt og gav ei mengd røyk.

" 25. Nei, dette var og er ikkje brukt i mine bygder.

Korleis dei fekk baalvyrke.

Sp.26-30. Til svar paa desse spursmaali torer det vera nok aa syna til svar paa sp. 24. Her var korkje tale um kjøp, plik^tkyting eller steling av tilfang aat jonsokbrisingen.

Korleis baalet skulde vera.

- " 31. Brisingen skulde vera høg. Hadde dei ein baat, var ~~denne~~ det greidt. Den reiste dei aa ende beint upp og lødde so kring den upp og upp av det andre tilfanget. Hadde dei tjeretunnor, vart den eine sett uppaa den andre. Hadde mest berre fururøter aa hjelpa seg med, vart dei og skara i høgdi.
- " 32. Jau, dei saag støtt etter, um andre brisingar loga so mykje som deira eigen.
- " 33. Det var sers viktig aa faa logen høgt til vers, so den lyste lang leid.
- " 34. Aa jau, dei vilde nok den skulde ryka godt og, men logen var den viktigaste. Raa lyng gav god røyk.
- " 35. Til dette vart ikkje gjort noko umframt.

Kva baalet skulde tena til.

- " 36-39. Paa desse spursmaali kann eg ikkje svara, for eg hev ingen ting høyrte eller frett i mine bygder andsynes desse sp. Det er ikkje utenkjeleg, at brisingen hadde eit sers fyremaal her og i utgamal tid, men det maa vera so langt attende, at det er gløymt for lenge lenge sidan. - Fraa no og so langt attende eg veit, var jonsokbrisingen mest til glede for borni. Det var og dei, som laga den. So no og.

Sjølve festen ved baalet.

- " 40-43. Ukjent her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14240

- " 44. Etter brisingen var aa segja nedbrend, samlar borni

Sp.44. seg paa ein laave og held "jonsokbrudlaup" med brud og brudgom. Sume av foreldri er daa med og ser til, at alt gjeng fint og pent fyre seg. Ungdomar er ikkje med, for dette er borni sin fest. So hev det vore so langt eg veit.

" 45. For moro skuld hoppa sume av borni yver den nedbrende brisingen.

" 46. Borni sprang gjerne gjennom røyken, for det var moro.

" 47. Det hev ikkje vore gjort her, det eg veit.

" 48. Eg kjenner ikkje til anna enn det som alt er sagt framanfor.

Skikken i dag.

" 49. Folk held brisingbrenning jonsokaftan berre for ei gamal skikk til glede for borni.

" 50. Den hev halde seg lik, so langt folk no minnest og hev korkje auka eller minka. Borni syter for aa halda jonsokbrisingen ved like. I god tid fyre jonsok samlar dei tilfang aat brisingen.

" 51. Til dette kann eg ikkje dvara anna, enn det som alt er sagt, serleg svaret til sp. 50.

Mi tru er, at so lenge her er born, vil jonsokbrisingen vera ei gledestund for dei.